

Ein stormdag.

Her for nokre vikor sidan var der ein fel storm. Um kvelden byrgja det lit^l og^å blasa, og det auka på lit^l og lit^l um^m senn. Då klukka var (soss) um lag ti, då var det so falt at me trüdde det hadde fare med hūsi. Me künde ikkje ha i omnen, for varmen for på högaste taket. Då det hadde blese ei stund höyrde me det singla av ei glasrūta, me gjekk ut og såg kring glasi, då hadde det teke ei glasrūta i kjellaren og ei i floren. Då det leid yver^{id} menatt stūtta det, og me gjekk og la oss. Um morgnen^m då me reiste upp, såg me at det hadde teke og rotvelta mange store hegge burt på böen. Det var min skuledag den dagen, og då eg kom sør til grannegarden var dei so overgjevne av den felle stormen som hadde vore, dei sa at dei hadde lote vakt yver i natt for dei trüdde det hadde fare med hūsi, og sør etter vegreitane låg der brake og bor og hynnor som vinden hadde teke med seg. Ein av kameratane sa: „sjå der hev det teke löbröstet til Nils Gravene,“ me vilde ikkje trū han, men då me kom fram på (leite) synet, fekk me sjå det me og. Det var stilt heile den dagen, so folk fekk völa det han hadde gjort skade på, og i aviserne skreiv dei um mange ütükcor både på sjö og land, og gamlefolk sa at dei aldri hadde minst slik fel storm i manns minne. Livert. Haugland.